



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 088/13	Formannskapet	20.06.2013

Avgjerd av: Formannskapet
Sakshandsamar: Odd Rønningen

Ref: 13/173 -30

Ark. K01

Fremlegg til endringar i forskrift om bruk av motorkjørety i utmark og invitasjon til å søke om å delta i forsøksordning med etablering av snøscooterløyper. Høyringsuttale.

Presentasjon:

Miljøverndepartementet har sendt på høyring framlegg til endringar i føresegn om bruk av motorkjørety i utmark og på islagte vassdrag 15.mai 1988. I tillegg har MD invitert aktuelle kommuner til å delta i forsøksordning med etablering av snøscooterløyper. Høyringsbrevet er datert 30.05.13 og høyringsfristen er 27.06.13.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr 82.
Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag av 15. mai 1988.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsbrev frå MD datert 30.05.13.

Saksopplysningar:

Høyringsadressaten er invitert til å gje uttale til to saker:

1. Endring av 4 lovparagrafar i nasjonal forskrift til motorferdsellova.
2. Invitasjon til å verte prøvekommune for utprøving av ordning med snøscooterløyper.

Framlegg til endring av lovparagrafar i nasjonal forskrift har dette innhaldet:

- ♦ I §3 (om kva motorkjørety kan nyttast til på vinterføre i medhald av forskrifta) er det tilrådd ny forskriftsheimel på «nødvendig søk etter skadet storvilt utenom ordinær jakt» skal vera tillate «når søket foregår i regi av kommunen».

- ◆ I §4, som omfattar Finnmark og Troms, er det tilrådd at fylkesmannen kan fastsetje forskrift om snøscooterløyper over grensa mot Sverige. I tillegg er det tilrådd at kommunen kan gje løyve til bruk av snøscooter mellom reiselivsbedrift og snøscooterløype (etter nærare spesifiserte krav) i desse to fylka.
- ◆ I §5 (dispensasjon etter skriftleg søknad) er det tilrådd å oppheve bokstav d) under fyrste ledd; «kjøring i utmarksnæring for fastbuande». Denne er teke ut fordi den overlappar med 5 a), som har nesten identisk likt innhald.
- ◆ I §7 er det tilrådd å stryke andre ledd om at «tillatelsen skal være skriftlig og skal medbringes under transporten...»

Forsøksordning med snøscooterløyper.

Kommunar som ligg i det distriktpolitiske virkeområdet og ynskjer å verte prøvekommune på utprøving av snøscooterløyper utan nyttekøyring kan søke om dette til MD innan 1.september 2013.

Nokre fakta om prøveordninga:

- Prøveordninga varar i 4 år.
- 40 distriktskommunar skal delta, inkludert 7 som har vore med i eit anna prøveopplegg på motorferdsellova.
- Prøvekommunane skal fastsetje eigen forskrift for gjennomføringa av forsøket, spesielt i høve lover og forskrifter som vert lagt til side i forsøket.
- Snøscooterløyper som skal utprøvast skal vera tilgjengelege for ålmenta utan krav om nyttekøyring.
- Løypenettet som skal prøvast skal vera avklara i høve kommuneplanen (arealdelen). Kommuneplanen skal vurdere verdien av friluftslivområde som vert berørt av snøscooterløypene opp mot andre friluftsområde i kommunen, før prøveopplegget vert sett i gang.
- Prøveopplegget skal måle snøscooterløypene sin verknad på naturmangfald, friluftsliv og folkehelse.
- Snøscooterløypene skal ikkje etablerast i bratt og skredutsatt terreng ikkje i nasjonale villreinområde og ikkje i område verna natumangfaldlova.
- Det vert vektlagt i utvelging av prøvekommunar om det er mange snøscootere og mykje snøscooterløyper i kommunen frå før.
- Kommuna kan berre vedta snøscooterløyper på eigedomar godkjent der grunneigar er einig i dette.
- Prøvekommunane som vert peika ut må gjennom eit evalueringsopplegg undervegs og avslutningsvis

Vurdering:

Dei største endringane som er tilrådd vedrørande lovparagrafane i den nasjonale forskrifta om motorisert ferdsel i utmark vedkjem i fyrste rekke den nordlege landsdel. Desse endringane er vanskeleg å ha sterke synspunkt på frå vår kommune si side.

Dei andre endringane i forskrifta synest greie, og berører i liten grad kvardagen i vår kommune:

- Det har aldri vore spørsmål om bruk av motoriserte framkomstmiddel for å søke etter skadd hjort, både på grunn av terrenget og fordi det i slike tilfelle må søkast med hund.

- Vi har i løpet av dei siste 20 åra ikkje hatt nokon søknad om dispensasjon frå motorferdsellova under §5 d) Køyning i utmarksnæring for fastbuande.

Likevel vil vi administrativt anbefale at endringane vert gjennomført fordi det er meldt interesse for dette frå andre deler av landet.

Forsøksordning med snøscooterløyper for fornøyelseskøyning.

Sjølv om søknadsfristen for å verte prøvekommune i det skisserte opplegget frå MD er 1. september, er det riktig å ta stilling til om vi skal søke om dette nå.

Dersom vi skal søke har vi følgjande utfordringar framfor oss på kort sikt, før søknad vert sendt, og i løpet av prøveperioda på fire år:

1. Arbeidskapasitet. Ein viss stillingsprosent må setjast av til arbeidet. Spesielt mykje arbeid frå d.d til vi har søknadsgrunnlag klart september 2013. Vidare betydeleg arbeid med samkøyning mellom prosjektet og kommuneplanen. Til slutt evalueringsarbeidet. I ein hardt pressa administrasjon er det ikkje enkelt å lausrive kapasitet til dette.
2. Vi er i komne langt i arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Snøscooterløyper har ikkje vore tema i prosessen så langt, og dei einaste snøscooterløypene vi har vedteke i arealdelen som kunne vore aktuelle for fornøyelseskøyning ligg på Bøasetra-Ullsheim, i eit område der kommunen er i ferd med å sikre løypetrasende for friluftsliv. Dersom vi skal søke om å verte prøvekommune på snøscooterløyper for fornøyelseskøyning må vi i det vidare kommuneplanarbeidet omgåande dreie planarbeidet inn på å løyse utfordringane i høve løypenett for snøscooterkøyning.
3. I vår kommune har vi ikkje hatt noko trykk på å få etablert løyper for fornøyelseskøyning. Tradisjonen i vårt område er at idrettslag held oppe løypetrasear for skigåing, slik som på Bøasetra-Ullsheim, Vangen, Randabygda og delvis på Utvikfjellet.
4. I vår kommune har vi veldig store område med skredfarleg terreng. Dersom vi skulle etablert snøscooterløyper for fornøyelseskøyning måtte vi finne slike område på Nordsida, i Markane eller i Vikane. Kommuneplanen sin arealdel vert verktøyet for å peike ut eigna område.

Totalsituasjonen i kommunen talar for at Stryn kommune ikkje er den kategorien kommune som er opplagt for å søke om forsøksordning i det aktuelle saksfeltet. Det er likevel aktuelt å vurdere om vi skal etablere snøscooterløyper for fornøyelseskøyning etter at forsøksordninga er gjennomført og lovverket eventuelt opnar for dette i alle kommuner.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune er samd i dei paragrafendringane som er tilrådd i nasjonal forskrift til motorferdsellova.

Stryn kommune ser det ikkje naturleg å søke om å verte forsøkskommune for forsøk med etablering av snøscooterløyper for fornøyelseskøyning.

Handsaming i Formannskapet 20.06.2013.

FO-088/13 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik

- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

- postmottak@md.dep.no (word-format)